



Kinn kommune

Kommuneplanen sin samfunnsdel

2020 – 2023 (32)

Versjon for offentlig høyring i
perioden 12 april – til 24 mai.

Innhold

Arealutvikling og forvaltning	3
Helse- og velferd i Kinn kommune	6
Næring og samferdsle	9
Klima og miljø	12
Kinn kommune som organisasjon	14
Samfunnssikkerheit og beredskap	16
Oppvekst	17
Kommunal økonomisk berekraft	21
Kultur, idrett og frivillighet	23

Arealutvikling og forvaltning



Målet vårt er å vere ei bærekraftig og klimavennleg kommune som legg stor vekt på utvikling av lokale sentra, redusering av bilbruk og skapar arena for mangfald av aktivitetar.

Vi satsar på forbetring av kvardagslivskvalitetar og folkehelse gjennom auking av attraktivitet og trivsel, og dermed større vekst. Dei to viktigaste strategiane er bærekraftig utvikling og tilrettelegging for god stadutvikling med aktive og attraktive plassar og næringsliv.

Avstand skal løysast gjennom utvikling av god kommunikasjon gjennom betra samferdsle og framtidsretta digitale løysingar.

Utfordringar

- Folketalsnedgang
- Lite aktivitet i bysentra utanom butikkane sine opningstider og det er for få utformelle møteplassar i byområde og i bygdene
- Tilstreккеleg og differensiert næringsareal
- Mangelfull kommunikasjon på kysten
- Havnivåstiging og mykje nedbør på kort tid
- Reduksjon av klimagass-utslepp
- Utnytte ressursane i kystsona (hav og land)

Mål

Berekraft og god folkehelse er hovudfokus i all arealutvikling

Utvikle gode og attraktive bumiljø

Levande sentra og attraktive byar

Differensierte næringsareal

Etablere godt båtutetiltbod, med korresponderande flytilbod, og kystveg

Aktiv bruk av kystsona

Kinn kommune sine strategiar

Samfunnsutviklar

1. Vi vektlegg langsiktigheit, berekraft, tryggleik og miljø i all arealplanlegging.
2. Vi sikrar tverrfagleg samarbeid om lokalsamfunnsutvikling.
3. Vi utviklar Florø som regionsenter på kysten ved å utnytte Kinn sine samla ressursar
4. Vi sikrar gode offentlege areal i tilknytning til eksisterande skule, barnehage og i andre offentlege bygg.
5. Vi vurderer energiløysingar knytt til bruk av ny, fornybar energi.
6. Vi har godt samarbeid med næringsliv for å tidleg identifisere arealbehov.
7. Vi sikrar god kommunikasjon innanfor og ut av kommunen ved å etablere godt båtutetiltbod, med korresponderande flytilbod, og kystveg.
8. Vi aktivt nyttar fordelene med kystkvalitetar og skjerme inngrepsfri strandsone.
 - a. Gode bu-miljø
 - b. Satsing på turisme
 - c. Fritidsbustadar med båtplassar
 - d. Sjøretta næringsareal
9. Vi legg til rette for utvikling av smarte samfunn.
10. Vi har infrastruktur for drivstoff til fossilfri båttransport.

Tenesteytar

1. Utbygging og vedlikehald av infrastruktur som breibandsdekning, veg,

samanhengande grønstruktur, gangsti/gang- og sykkelveg, hamner, nærmiljøanlegg og idrettsanlegg. God gang- og sykkel-tilkomst skal vektleggjast

2. Utvikle gode møteplassar for alle og eit differensiert bustadtilbod.
3. Blå-grøne samband mellom sentrum og nærliggande naturområde, samt rekreasjons- og friluftsområde skal styrkast ved å legge til rette for aktivitet og oppleving (benkar, aktivitetsapparat, informasjon og installasjonar).
4. Dei lokale sentra skal forsterkast, og byane skal være attraktive gjennom målretta kommunal utbygging av kultur- og fritidstilbod.
5. Opplevingsverdiane i sentra skal styrkjast gjennom aktiv tilrettelegging for leik og kunstinstallasjonar.
6. Sette av areal og planlegge gode og framtidsretta næringsareal og hamner, som stettar næringslivet sine behov.

Forvaltar

1. Utvide samarbeid med privat/frivillig sektor.
2. Viktige offentlige og daglege funksjonar skal samlokalisert og plassert innanfor eksisterande sentra. Satsingsområde er sentrumsutvikling, gåavstand, nærheit, aktivitetsskaping, fortetting, trafiksikkerheit, miljøvennleg transport og mindre bilavhengigheit.
3. Fortetting i bustadområde skal utvikle gode område for leik og grønstruktur.
4. Mål om 40% universelt utforma bustadar ved nybygging.
5. I utbyggingsområde skal ein unngå bekkelukking og inngrep i vassdrag. Overvasshandtering skal ta høgde for framtidig auka nedbør og skal løysast lokalt.
6. Nye byggjeområde skal som hovudregel planleggast i område utan naturfare.
7. Legge vekt på å ivareta naturmangfald og vasskvalitet i planar og utbygging.


Planar som vil følge opp dette temaet

- Rullere arealdelen til kommuneplanen for å samkøyre Flora og Vågsøy.
 - Strategiplan og områdeplan for flyplassutviding.
 - Interkommunal plan for kystområda.
 - Kommunedelplan for kystveg
 - Rullere kommunedelplanane for Stavang og Eikefjord og utarbeide områdeplanar for Deknepollen og Raudeberg sentrum.
- Fullføre marine grunnkart og gjennomføre naturtype kartlegging i sjø for heile kommunen.
 - Tiltaksplan for Kinn kommune for å utvikle områder med aktivitet, oppleving, leik og kunstinstallasjonar.
 - Strategiplan/prosjekt for energiløysingar.

Helse- og velferd i Kinn kommune

Fakta og statistikk

Helse- og velferdstenestene i Kinn kommune består av pleie- og omsorgsteneste, rus- og psykiatriteneste, fysioterapi, ergoterapi, legeteneste og Nav. Alle bu- og heimetenester er tilgjengelege i begge kommunesentra. Ved tildeling av tidsavgrensa tenester som til dømes rehabiliteringsopphold og kortidsplass institusjon kan innbyggjarane måtte påreknne reising på tvers av kommunesentra.



Nøkkeltall til kommuneplanen sin samfunnsdel Kinn kommune.	Flora	Vågsøy	Sogn og Fjordane	Landet (utan Oslo)
Del brukarretta årsverk i omsorgstenesta m/helsefagutdanning (prosent)	69,7	74,9	71,7	74,8
Del innbyggjarar over 80 år som brukar heimetenester (prosent)	34,9	39,3	38,7	32,4
Del brukere av heimetenester 0-66 år (prosent)	43,9	45,2	37,6	47
Del innbyggjarar 80 år og over som er bebuarar på sjukeheim (prosent)	13,7	11,4	13,3	12,6
Avtalte legeårsverk per 10.000 innbyggjarar (årsverk)	11,8	17	13,4	11,1
Årsverk per brukar av omsorgstenester (årsverk)	0,7	0,5	0,62	0,57
Årsverk psykiatriske sjukepleiarar per 10.000 innbyggjarar (tal)	6,5	3	6,5	4,8
Årsverk personar med vidareutd. i rusarbeid per 10.000 innbyggjarar (tal)	4,2	8	3,2	2,9
Sosialhjelpsmottakarar (tal)	296	100	2387	118409
Sosialhjelpsmottakarar 18-24 år (tal)	68	27	514	25498
Tal barn i familiar som mottok sosialhjelp (tal)	211	72	1195	60361

Utfordringar

- Vi manglar aktivitets- og arbeidstilbod for personar som fell utanfor det ordinære arbeidslivet.
- Vi får ei auke i tal eldre med fleire og samansette sjukdommar
- Vi får ei auke i yngre brukarar med omfattande behov
- Vi får større ansvar for innbyggjarane si helse gjennom auka krav til at kommunane skal ta over stadig fleire av spesialisthelsetenesta sine oppgåver. I planperioden gjeld dette mellom anna krav om eige dagtilbod til demente. Auka krav til kommunale rehabiliteringstilbod, og auka kommunalt ansvar innanfor psykisk helse og rus.
- Vi har utfordringar med for låg fysisk aktivitet og overvekt
- Vi har utfordringar med fråfall i vidaregåande skule, og alvorleg fråvær hos einskildelevar i grunnskulen som kan lede til helseutfordringar.
- Vi har utfordringar med å få inkludert personar med nedsett arbeidsevne og/ eller hol i CV i arbeidslivet
- Vi ser og eit auka behov for meir omfattande tenester knytt til barn og unge og deira foreldre.
- Vi har utfordringar som gjeld rekruttering av kompetanse og personell. Då spesielt med å rekruttere fleire menn i helse- og velferdstenestene.

Mål

Innbyggjarar (alle grupper) som treng helse- og omsorgstenester får trygge tenester der dei er. Bistand i eigen heim er grunnprinsippet i tenestetilbodet.

Innbyggjarar som har behov for, og kvalifiserer til, dag- og aktivitetstilbod, skal ha ein arena å gå til der dei opplever meistring og kan ta del i opplevingar og aktivitetar i kvardagen.

Kinn kommune som arbeidsgjevar skal vere god på inkludering av ungdom under 30 år, personar med nedsett arbeidsevne og innvandrarar.

Kinn kommune er ein organisasjon som er prega av tydeleg leiing og lojalitet til fatta vedtak og avgjerder. Avgjerder vert fatta til beste for brukarane med brukarmedverknad i fokus. Kinn kommune har ein struktur der vi kan løyse oppgåvene på tvers av tenester og budsjett.

Brukaren er i fokus. Vi har eit heilskapleg og fleirfagleg tenestetilbod med mål om eigenmeistring. Vi har fokus på førebygging, læring, meistring og rehabilitering.

Innbyggjarane i Kinn kommune tar aktivt ansvar for eiga helse og alderdom. Gjennom førebygging, rehabilitering, velferdsteknologi, bustadtilpassing, fysisk aktivitet og eit generelt Berekraft og god folkehelse er hovudfokus i all arealutvikling folkehelseperspektiv i alt ein gjer.

Kinn kommune sine strategiar

Forplikting og tillit. Gjennom gjensidig forplikting og tillit innad i sektoren, på tvers av sektorar, frå folkevalde og ved involvering av brukarar og pårørande, er planar gjennomførde. Innbyggjarane finn lett

tilgjengeleg informasjon om ulike tilbod både digitalt og på andre aktuelle arena.

Folkehelse og livsmeistring. Vi legg til rette for aktiv deltaking i lokalsamfunnet som aukar tilknytning til sosiale nettverk og motvirkar isolasjon. Vi føl opp anbefalingane om meir fysisk aktivitet i befolkinga, med eit spesielt fokus på heimebuande eldre og barn og unge. Vi føl retningslinene for eit sunt kosthald

Sosial ulikskap. Kinn kommune arbeider aktivt for å utjamne sosial ulikskap. Arbeid er sterkt identitetsskapande, og i Kinn kommune skal innbyggjararane i arbeid eller i arbeidsrelatert aktivitet. Vi er gode på integrering og har fokus på at innbyggjarane skal føle meistring på dei arena dei er. Kinn kommune som arbeidsgjevar er ein føregangskommune på å auke inkludering og integrering

Tidleg og tverrfagleg innsats. Vi har fokus på førebygging og tidleg innsats. Vi er tidleg ute med å intervenere, førebygge og rehabilitere for å utsette eventuelle behov for helse- og velferdstenester. Det gjeld for alle innbyggjarar, både barn og unge, vaksne og eldre. Tiltaka vert gjennomført som tverrfaglege målretta tiltak, både på system og på individnivå.

Medverknad og demokratisering. Brukarundersøkingar vert nytta til å måle brukar- og pårørande tilfredshet. Kinn kommune har kvalitative gode tenester og brukartilfredshet i fokus, og finn gode løysingar innanfor organisasjonen sine rammer. Kommunen utarbeidar like kvalitetsindikatorar i tenestene. Eldre vert utfordra til å planlegge for eigen alderdom.

Kompetanse. I alle stillingar innanfor helse- og velferd vert det lagt vekt på god utdanning og vedvarande kompetansebygging. Vi utviklar kompetanse på tverrfagleg arbeid og teammodell arbeid til beste for brukarane våre. Vi bygger kompetanse for samhandling og

samarbeid forankra i strategiske kompetanseplanar.

Berekraft. Gjennom samlokalisering av helse- og velferdstenester nyttar vi kompetanse og ressursar fleksibelt, der dette er geografisk mogleg og beste praksis. Gjennom god planlegging skal vi dimensjonere eldreomsorga i tråd med demografisk utvikling. Kinn kommune har ein heimetenestebasert omsorgsmodell. Institusjonane og døgnplassar vert hovudsakleg nytta til brukarar med aldersdemens og eldre med store funksjonssvekkingar. Velferdsteknologi er ein naturleg del av tenestetyinga i framtidens helse og velferdstenester. Dette inkluderer både teknologi og tilpassingar som innbyggjarane kan skaffe seg sjølv, men og teknologi som vert ytt som kommunale helse,- og omsorgstenester.

Lokalsamfunnet. Kinn kommune har god kommunikasjon ut til innbyggjarane, og tydelege forventningsavklaringar i lokalsamfunnet. Planlegging og tiltak i

sektoren skal ha fokus på innbyggjarane si meistring av eige liv, og det å nytte egne ressursar best mogleg. Kommunen skal ha tett samarbeid med frivillege organisasjonar, utdanningsinstitusjonar, næringsliv og andre aktørar.

Planar som vil følge opp dette temaet

- Kinn kommune. Kommunedelplan, Helse og Velferd. – 4 års planar
- Kompetanseplan
- Tenestene sine handlingsprogram som i tillegg til kommuneplanen sin samfunnsdel og kommunedelplan Helse og Velferd skal ta innover seg;

Leve heile livet – En kvalitetsreform for eldre.


Opptappingsplan for habilitering-rehabilitering 2017-2019

Veileder for rehabilitering og habilitering, individuell plan og koordinator.

Meld. St. 26 (2014-2015), Fremtidens primærhelsetjeneste.

Næring og samferdsle

Kinn kommune - samanlikna med andre kommunar på Vestlandet



Utfordringar

Krevande å nå mål i intensjonsavtalen, men kommunen har potensial til å klare det

Mål i intensjonsavtalen:

- Bli ein attraktiv tilflyttingskommune
- Bli den sentrale utviklingsaktøren mellom Ålesund og Bergen
- Sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggjarane
- Styrke vår attraktivitet som lokalisering for næringsverksemd
- Sikre ei berekraftig utvikling med målretta satsing på klima og miljø
- Styrke lokal staidentitet og fellesskapskjensle til innbyggjarane i den nye kommunen

Kva moglegheiter har vi?

- **Framtidsretta næringar** - veksande etterspørsel etter kommunen sine hovudprodukt, fisk og energi
- **Ta i bruk ny teknologi** - nødvendig også pga minkande arbeidsstyrke
- **Samarbeid mellom bedrifter** - i regionen og ut av regionen
- **Samarbeid mellom næringar og kunnskapsmiljø** - Viktig også for å rekruttere.

Kva utfordringar møter vi?

- **Færre arbeidstakarar** - jobbe med bustad-attraktivitet
- **Rekruttering** - Auke andelen med høgare utdanning
- **Infrastruktur** - Veg, sjø, flyplass, IT
- **Kapitaltilgang** - Positivt med lokale banker og har gode døme på at lokale investorar bruker kapital lokalt

Februar 2019
29

Mål

Kinn kommune har eit variert, framtidsretta og innovativt næringsliv. Vi har konkurransedyktige og lønsame bedrifter som tek i bruk framtidsretta teknologi og utnyttar naturgitte føresetnader. Dette gjev attraktive arbeidsplassar og lokalsamfunn.

Kinn har samferdsleløyningar der det er enkelt å pendle til arbeid, fritid og skule innan kommunen, og mot omverda.

Kinn kommune sine strategiar

Samfunnsutviklar

1. Kinn kommune er rik på ressursar og har lagt til rette for kunnskapsbasert utvikling og vekst i næringslivet, spesielt innanfor kystbaserte næringar som havbruk, fiskeri, maritim, petroleum, energi og IT.
 2. Næringslivet i Kinn er leiande på "grøne" løysingar, fornybar energi og berekraft.
 3. I Kinn kommune er det lagt til rette for, og satsa på lågutslepp/nullutslepp for alle typar skipsfart slik at kommunen og regionen er leiande innanfor dette feltet på verdensbasis.
 4. Kinn-samfunnet nyttar ny teknologi og har utvikla lokalsamfunn basert på «smart innovation»-løysingar.
 5. Utdanningstilbodet i Kinn er utvikla til å vere leiande innan sine områder slik at dei stettar og utviklar regionalt næringsliv. Dette gjeld alt frå vidaregåande skular, folkehøgskule, fagskular og høgskular/universitet med luksasjonar i kommunen. Samarbeid mellom næringsliv, akademia og forskingsmiljø er sentralt.
 6. Det skalv vere eit attraktivt tilbod for høgare utdanningi Kinn kommune.
 7. I Kinn er det utvikla eit heilårleg, bærekraftig og opplevingsbasert reiseliv. Det er satsa målretta og samla på å styrke attraksjonsverdi med kysten og fjordane som reisemål.
 8. Kinn er ein kommune som legg til rette for utvikling av landbruket innanfor ramma av naturgitte føresetnader.
 9. Måløy og Florø er attraktive, urbane og kulturelle sentra på kysten av Vestland, basert på ei sterk handel- og servicenæring.
- Florø har teke rolla som regionsenter på kysten.
10. Kinn kommune er ein attraktiv lokaliseringsstad for statleg og regional verksemd.
 11. Lokalsamfunna er organisert slik at dei gjev innbyggjarane enkle, nære og grønne kvardagar. Dette legg grunnlag for attraktive samfunn og god rekruttering.
 12. Det er saman med næringsliv, fylkeskommunen og departementet inngått ein eller fleire samarbeidsavtalar som sikrar kommunen tilgang til nasjonale og regionale verkemiddel for samfunnsutvikling.
 13. Kinn kommune har inngått avtalar med strategiske samarbeidspartar og har lukkast med nærings- og samfunnsutvikling i kommunen.
 14. Det er etablert nettverk, kunnskap og samarbeid som sikrar at grunderar og etablert næringsliv har tilgang på eigenkapital.
 15. Kinn kommune har saman med samarbeidspartnarar, både offentlege og private, etablert internasjonale kontaktar og deltek i fleire EU-prosjekt.
 16. Kinn kommune har ei leiande rolle i ulike samarbeid innanfor samfunnsutvikling på vår del av kysten.
 17. Kommunen har til ei kvar tid tilgjengeleg nærings- og bustadareal, som er tilpassa moglegheitene i Kinn.
 18. Det er etablert infrastruktur som gjer at Florø, Bremanger og Måløy er ein felles bu- og arbeidsmarknad.
 19. Kystvegen frå Måløy til Florø er hovudtraseen på land mellom dei to byane i kommunen, og har ein standard som gjev rom for både pendling og varetransport, innanfor og inn og ut av kommunen.
 20. Kinn er ein pendlarkommune, og er ein føregangskommune knytt til «grøne» løysingar og bruk av ny teknologi innanfor kollektivtilbodet.
 21. Dei to stamnetthamnene i kommunen er viktige transportknutepunkt som stettar næringslivet sitt transportbehov, og er tilpassa framtidige behov, herunder frå land til sjø. Hamneverksemda til Kinn er organisert på ein slik måte at den er ei samla slagkraftig verksemd for samfunns- og næringsutvikling.
 22. Ved nye samferdsleprosjekt er det vektlagt utløyning av nye hamn- og næringsområde.

23. Stad skipstunnel knyt saman regionar, og Kinn kommune har dette med som eit viktig element i si samfunns- og næringsutvikling.
24. Florø lufthamn er den sentrale lufthamna på kysten for flytransport, helikopterbase og redningsteneste. Lufthamna er ein pilot for utvikling og drift av lågutslepps flyruter. Det er lagt til rette for korresponderande kollektivtransport.
25. Sykkel er eit viktig transportmiddel i lokalsamfunna. Det er lagt til rette for sykling i og kring sentra i kommunen. Måløy og Florø har status som sykkelby.
26. Det er god digital infrastruktur i heile Kinn kommune.

Tenesteytar

1. Kinn kommune har førstelinjeteneste som har stor merksemd på entreprenørskap og utvikling av grunderverksemdar. Samstundes skal førstelinja bistå etablert næringsliv som har behov, og som kan bidra til auka verdiskaping i kommunen.
2. I Kinn er det ei førstelinje som tek vare på, og utviklar gründerar. Ein del av dette er aktivt bruk av næringsfond.


Forvaltar

1. Kommunen er organisert slik at overordna planverk blir produsert i forkant, og at dette legg tydelege og føresettlege rammer for samfunns- og næringsutvikling.
2. Planar byggjer på god og relevant kunnskap. Spesielt for sjø- og havområda har Kinn kommune god kunnskap og utnyttar denne.
3. Kommunen er rigga for å kunne handsame søknader etter dei krav som gjeld. Det er lagt til rette for at kommunen tidleg i ei sak gjev naudsynt og relevant informasjon og rettleiing.
4. Kommunen sett tydelege og strenge miljøkrav innanfor områder kor dette blir vurdert å vere føremålstenleg.

Planar som vil følgje opp dette temaet

- Interkommunal plan for sjøområda og kystområda
- Kommunedelplanar for Kystvegen
- Felles arealplan for Kinn

Klima og miljø



Miljødirektoratet sin statistikk for direkteutslepp i Kinn kommune¹. (Tal frå 2017.)

Totale utslepp i Kinn kommune for 2017 var 191 860,2 tonn CO₂. (Dette viser ein nedgang på 3,8% samanlikna med referanseåret 2015.)

Statistikken viser at utlepp frå sektorane sjøfart, industri, olje og gass og vegtrafikk dominerer. Overgangen frå fossilbil til el- og hydrogenbil er godt i gang nasjonalt, og kommunen kan spele ei rolle i effektivt tilrettelegging for infrastruktur. Erfaringsutveksling og teknologioverføring på tvers av private og offentlege verksemdar er viktig for å få fortgang i omlegginga i sjøfart, industri og anleggsbransjen. Krav i innkjøp spelar også ei viktig rolle her.

Tilsyn med ulike typar utslepp og ureining er eller er i ferd med å bli systematisert. Kompetansen på klimatilpassing ved bygge- og reguleringssaker er god. ROS-analyse for Kinn skal utarbeidast. Det er gode løysingar for avfallshandtering gjennom Nomil. I nettverk med andre kommunar vert det jobba med tiltak for å få ned klimagassutslepp på lokalt nivå.

Utfordringar

- Delt kommunefunksjon fører til mykje reising for tilsette, politikarar, og medlemmar av lag og organisasjonar
- Det er ei motsetning i interessene om folketalsauke og vekst, og reduksjon i utslepp.
- Arbeidsplassane som dominerer i kommunen er utsleppsintensive.
- Som kystkommune har vi store mengder plast som forsøplar havområda og strandsona.
- Villfyllingar og vilkårleg dumping av hageavfall fører til forsøpling og spreining av framande artar.
- Direkte og indirekte effektar av klimaendringar, bla. a forsuring i havet.
- Arealendring, ureining og global oppvarming truar naturmangfaldet.

Mål

Kinn kommune skal redusere sine klimagassutslepp med 80% innan 2030 samanlikna med utsleppa i 2015.

Kommunen skal innarbeide tilpassing til eit endra klima i alle tiltak.

Vi skal ha robuste levekår for alle stadeigne artar og omsyn til naturmangfald skal ivaretakast i alle utbyggingar.

Avfallsmengdene skal ned avfallsressursar skal i større grad tilbake i materialkretsløpet.

Det enorme potensialet for berekraftig utvikling og verdiskaping innanfor havbruk og transport på sjø skal realiserast.

Kinn kommune sine strategiar

Samfunnsutviklar

1. Stiller krav om og legg til rette for nullutsleppsteknologi for alle båtrutene som har anløp i Kinn kommune.
2. Etablert infrastruktur for fornybare energikjelder til bilar og privatbåtar.
3. Klima- og miljøutfordringane gjev grunnlag for industriutvikling i Kinn kommune. Nye løysingar og produkt oppstår i denne prosessen; dette må utnyttast og kommunen skal sørgje for erfaringsutveksling på tvers av offentleg og privat sektor.
4. Det er ein hovudregel at innkjøp og aktivitetar utførast på mest klimavennleg måte.
5. Dei to byane i kommunen er trivelege og berekraftige lokalsamfunn, blant anna

gjennom tilrettelegging for mjuke trafikkantar.

6. Vi utfordrar bedrifter til å gjere greie for potensialet i å nytte prinsippa for sirkulær økonomi i sin produksjon².

Tenesteytar

1. Kommunen tilbyr gratis miljøfyrtårnsertifisering til alle bedrifter.
2. Kommunen skal tilby rimelegare og meir effektiv avfallshandtering.
3. Kommunen går føre med ny kunnskap, metodikk og løysingar innanfor klima og miljø når eigen bygg og anlegg skal realiserast.

Forvaltar

1. Omsynet til landskapstypar som er viktige for karbonbinding og for å dempe effektane av klimaendringar, skal vege tungt i arealplanlegging.
2. Marine grunnkart og naturtypekartlegging skal legge premissar for all planlegging i og ved sjø.
3. Artsmangfald må vurderast i aktuelle saker, og der det er føremålstenelege må det leggjast føringar for ivaretaking av mangfaldet..

Planar som vil følgje opp dette temaet

- Kommuneplanen sin arealdel
- ROS-analyse for Kinn kommune
- Tiltaksplan for naturmangfald
- Tiltaksplan for marin forsøpling
- Kartlegging av marine naturtypar
- Klimagassrekneskap (direkte og indirekte utslepp)
- Klimabudsjett
- Innkjøpsstrategi
- Årlege handlingsplanar

Kinn kommune som organisasjon



Foto: Skatepark, fotograf Tarjei Langeland. 2017.: Vi satsar på ungdomen i Kinn kommune.

Kinn kommune er den største arbeidsgjeveren i Kinn med om lag xxxxx tilsette fordelt på om lag xxxx årsverk.

Kommunen skal som tenesteprodusent vere brukarorientert ut frå behovet einskildbrukaren har. Som forvaltningsmynde skal kommunen gje ei mest mogleg lik sakshandsaming for alle ut frå gjeldande lovverk og rettigheiter. Kommunen har òg ei viktig rolle som utviklingsaktør for lokalsamfunnet. I tillegg til desse rollene er Kinn kommune ein stor arbeidsgjevar, med eit breitt spekter av arbeidsoppgåver stort mangfald. Organisasjonen skal gjennom openheit fremje heilskap, dialog og handlekraft. Kompetanse og myndiggjering er naudsynte føresetnader for at Kinn kommune kan vere ein aktiv samfunnsbyggjar og tenesteleverandør.

Utfordringar

- Avstand, geografi, spreidde lokaliteter
- Ulike kulturar
- Ulik identitet
- Rekruttering av personell med rett kompetanse
- Digitalisering
- Lønsskilnader
- Godt øst-vest samarbeid både i nord og sør

Mål

Kinn kommune skal vere ein attraktiv, effektiv og utviklingsorientert organisasjon som nyttar ressursane på ein mest mogleg kostnads- og ressurseffektiv måte – med kvalitet i alle ledd.

Kinn kommune sine strategiar

Samfunnsutviklar

1. Sikrar tilgang på kvalifisert arbeidskraft, fagarbeider, høgskule og universitetsnivå.
2. Lærande organisasjon: Refleksjon og meistring.
3. Ny teknologi /tekniske løysingar (digitalisering) er ein viktig føresetnad for arbeidet.
4. Medverknad frå tilsette er ein viktig strategi for Kinn kommune. Deltaking bidrar til tilhøyrlighet og nærvær, forståing, det å føle seg inkludert.
5. Systematisk samarbeid med aktuelle utdanningsinstitusjonar.
6. Utvikle traineeordning. Forpliktande arbeidet med å integrere innvandrara.
7. Mangfald i lærlingeordningen, samarbeid med andre aktørar.

Tenesteytar

1. Sikre kompetanse som gjev gjennomgåande kvalitet i alle ledd.
2. Kompetansebygging, utvikling og rekruttering for å sikre at tenesteproduksjonen skjer i nært samarbeid med nye og etablerte samarbeidspartar
3. Arbeidet med kvalitetsutvikling, skal ta utgangspunkt i at det må vere tenleg for mangfaldet og kompleksiteten i tenesteytinga og må vere effektivt i bruk.
4. Heiltidskultur er ein strategi for å holde høg kvalitet på tenesteproduksjonen.
5. Framtidsretta og inkluderande arbeidstidsordningar, livsfasepolitikk.

a.

Forvaltar

1. Digitalisering: Universell trygg tilgang 24/7.
2. Utvikle og handheve gode internkontroll- og HMS-rutinar.
3. Utvikle delingskultur. Nettverk, fagkunnskap, tør og vil dele, tør og vil spørje.
4. Kinn kommune er ein kommune som tek vare på, og utvikle sine bygg og eigedommar.

Planar som vil følgje opp dette temaet

- Kompetanseløftet: Må innebere aksjonspunkt/handlingar for kompetanseutvikling på kort og lang sikt.
- Utvikle samordna lønnspolitisk dokument.
- Kompetanseutvikling knytt til digitale løysingar skal prioriterast. Superbrukarmodell.
- Rolleavklaring internt og mellom tenester og avdelingar. Brukaravtalar.
- Utvikle kvalitativt gode prosessar for rekruttering, tilsetjing og introduksjon av nye medarbeidarar.
- Integrering gjennom praktikantplassar og språkpraksis-plassar i kommuneorganisasjonen.
- Studentbesøk, sommarjobb, studentoppgåver. Bachelor oppgåver, masteroppgåver, utplasseringar, praksisplassar. Elevbesøk.
- Hospitering, styrt inn og ut av einingar i kommunen, med mål om å styrke det fleirfaglege og heilskapstenkinga. Kunnskap om fleire einingar er eit gode i seg sjølv.
- Satsing på inntak av lærlingar på nye områder i samarbeid med private aktørar. Satsing på nye lærlingar, samarbeide med vaksenopplæring for innvandrara gjennom lærlingordninga, i lag med Fylkeskommunen og NAV og eventuelt KS.

Samfunnssikkerheit og beredskap

Utfordringar

Kinn kommune skal ha god kommunal beredskap i begge kommunesenter.

Kommunal kriseleiing skal kunne etablerast i begge kommunesentera. Staben må leggast til rette med tekniske hjelpemiddel slik at medlemmer i stab kan delta frå begge stader. Vidare at nærleik til hendinga ikkje vert opplevd for stor.

Det skal etablerast eit godt samarbeid med andre beredskapsaktørar.

Mål

Kinn kommune skal være eit førebilete for systematisk, heilheitleg og kunnskapsbasert sikkerheit og beredskap på kysten.

Alle som bur og oppheld seg i Kinn kommune skal oppleve reell og følt tryggleik.

Arbeidet med beredskap skal ta utgangspunkt i prinsippa om ansvar, nærleik, likskap og samvirke.

Arbeidet skal forankrast strategisk i kommunen si leiing og det skal arbeidast systematisk med beredskap gjennom heile organisasjonen.

Kinn kommune skal ha god kompetanse på beredskapsarbeid, gjerne i samarbeid med andre.

Kinn kommune sine strategiar

Samfunnsutviklar

1. Kommunen har styrka beredskapsarbeidet i eigen organisasjon. Dette sikrast ved ein eigen ressurs med ansvar for samfunnssikkerheit og beredskap. Det rapporterast årleg om status i arbeidet til kommunestyret.
2. Kommunen er førebudd på å handtere uønska hendingar, og har ein overordna beredskapsplan.

3. Kommunens overordna beredskapsplan samordnar og integrerer øvrige relevante beredskapsplanar i kommunen.
4. Vi har ei heilheitleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse). Denne danner grunnlaget for kommunen sitt målretta arbeid for å redusere risiko og sårbarheit, gjennom førebyggjande arbeid, styrka beredskap og betre evne til krisehandtering.
5. Kommunen utviklar ein effektiv, øvd og operativ beredskapsorganisasjon. Viktige tiltak er målretta opplæring, øvingar og evaluering.
6. Det takast særleg omsyn til å sikre kommunikasjonslinjer i heile kommunen.

Tenesteytar

1. Kommunen skal ivareta sikkerheiten til innbyggerane gjennom førebyggjande arbeid og beredskap.
2. Kommunen skal være pådrivar for å etablere samarbeid med private og offentlege aktørar med omsyn til kartlegging, førebygging og begrensning av uønska hendingar.
3. Kommunen skal ha ei tett oppfølging mellom helse og beredskap for å sikre god rettleiing og forhindre uønska hendingar.
4. Det skal etablerast samarbeid mellom kommunale tenesteytarar om brannsikkerheit for risikoutsette grupper.



Forvaltar

1. Kommunen skal sikre god kompetanse innan beredskap og førebygging, gjennom samarbeid med andre kommunar, private aktørar og fylkesmannen.
2. Samfunnsviktige område skal registrerast. Sårbarheit og avhengighet må kartleggast. Eigarane av kritisk infrastruktur må informerast om ansvar og roller.
3. Ved utbygging av nye område eller endra arealbruk skal det gjennomførast risiko- og sårbarheitsanalyser, som et førebyggjande tiltak.
4. Plasseringa på kysten kan gi store utfordringar med omsyn til klima og uføresette naturhendingar som hurtigvoksende bekkar, flaum, ras,

ekstremvær og stormflo. Det er viktig at det blir fokusert på disse utfordringane og og moglegheit for førebyggande tiltak.

Planar som vil følgje opp dette temaet.

- Overordna beredskapsplan
- Brannordning for Kinn brann- og redningsetat
- Kommuneplanen sin arealdel



Utfordringar

Vi skal ha god og likeverdig kvalitet i tenestene innanfor oppvekst i Kinn kommune. Oppvekstsektoren omfattar barn og unge og deira foreldre, og tilsette i barnehage, skule, kulturskule, SFO, PPT, helsestasjon og barnevern. Tenestene må samhandle og samkøyre sitt arbeid på ein måte som gjer at innbygarane opplever nærleik og heilskap i tilbodet. Gode tverrfaglege planar og godt tverrfagleg arbeid, er heilt sentralt for å få dette til.

Oppvekstsektoren har klare rammer i lovverk og sentralstyrte planar. Rammeplan for barnehage og kulturskule, revidert læreplan for grunnskulen, nye retningslinjer og lovverk for helsestasjon og barnevern skal settast i verk. Det er ei felles utfordring for alle tilsette å få dette til med god kvalitet. Kinn kommune skal bygge på det viktige arbeidet som alt er i gang i Flora og Vågsøy, og samordne etter kvart.

Tenestetilbodet må vere fleksibelt nok til å spegle endringar i samfunnet. Endringar både i befolkninga og endra behov hos barn og unge, kan føre til at vi må endre struktur og organisasjon. Vi ser m.a. eit auka behov for meir omfattande tenester knytt til barn og unge og deira foreldre.

Fråfall frå vidaregåande skule er ei utfordring.

Mål

Vi legg vekt på at barn og unge skal utvikle sjølvrespekt og respekt for andre. Dei realiserer seg sjølve på måtar som kjem fellesskapet til gode.

Vi set pris på gode resultat. Framfor alt rosar vi heilhjarta innsats, vilje til å forbetre seg gjennom nye utfordringar, og styrke til å tole motstand. Vi let barn og unge oppdage at å vere open og nysgjerrig er dei viktigaste vilkåra for å utvikle sjølvinnsett og kritisk tenking.

Vi har eit inkluderande barnehage- og skulemiljø med rom for mangfald og tilpassing.

Vi oppdagar tidleg dei som fell utanfor og viser at dei kan stole på oss ved å gi dei den støtta dei treng inntil dei kan stå på egne bein.

Kinn kommune sine strategiar

Forplikting og tillit

- Gjennom gjensidig forplikting og tillit innad i oppvekstsektoren, frå folkevalde og ved involvering av foreldre, blir planar gjennomførde. Vi held fast på vedtak over tid og ser det som eit felles ansvar å nå måla.
- Folkevalde i Kinn kommune er aktive og synlege barnehage- og skuleeigarar og tek sitt ansvar for gode helse- og barnevernstenester alvorleg.
- Samarbeidsorgan for foreldre er etablert med fast struktur på arbeidet.
- Leiarane i oppvekstsektoren har faste møtepunkt.

Gode læringsarenaer

- Tilsette, foreldre og barn og unge er engasjerte i eit kontinuerleg arbeid for eit godt læringsmiljø, bl.a. ved ein årleg gjennomgang av ulike sider av miljøet og utarbeiding av handlingsplanar, t.d. i skulemiljøutvalet.
- Tilsette arbeider ut frå ny forskning om kva som fremjar gode læringsarenaer.

- Oppvekstsektoren har felles arenaer for kontinuerleg å arbeide med forståing av verdigrunnlaget og av det barnekonvensjonen omtaler som "barns beste".

Folkehelse og livsmeistring

- Arbeid med folkehelse og livsmeistring gir barn og unge kompetanse som fremjar god psykisk og fysisk helse, og hjelper dei å ta ansvarlege livsval. Dette er også ein del av arbeidet for sosial utjamning.
- Oppvekstsektoren har stort fokus på kunnskapsbasert praksis, og sektoren skal fremje fysisk helse, samt legg til grunn helsedirektoratet sine retningslinjer for fysisk og psykisk helse i det daglege arbeidet med barn og unge.
- Det blir jobba på alle aktuelle arena for å redusere fråfall frå vidaregåande skule.

Tidleg og tverrfagleg innsats

- Tidleg innsats er riktig innsats tidleg i livet og tidleg innsats når vanskar vert avdekt eller oppstår. Ved å førebygge og gjere tidlege og tverrfaglege grep, hindrar vi eit større innsatsbehov seinare.
- Når vanskane krev det, har vi gode system for tverrfagleg samhandling som set barnet i sentrum.
- Det er tidleg innsats å ha gode rutinar for overgangar, og det er faste samarbeidsformer og ein plan for overgangar heim-barnehage-barnesteg-ungdomssteg-vidaregåande.

Medverknad og demokratiforståing

- Gjennom å delta i fellesskapet i barnehage og skule, får barn og unge utvikle forståing for samfunnet og den verda dei er ein del av. I samarbeid med heimen bidreg vi til oppslutning om demokratiske verdiar og normer.
- Vi tar FN sin konvensjon om barns rett til medverknad på alvor. Det betyr bl.a. at barn si meining blir vektlagt i det som vedkjem dei.
- Formelle organ som elevråd og ungdommens kommunestyre, er viktige arenaer for medverknad.

Kompetanse

- I alle stillingar innanfor oppvekst blir det lagt vekt på god utdanning og vedvarande kompetansebygging. Tilsette har kompetanse til å utnytte ny teknologi til beste for barn og unge.
- Det er brei forståing av kompetanse i opplæringa, det inneber både kognitiv, praktisk, sosial og emosjonell læring. Barn og unge får høve til å bruke sine ulike kunnskapar og ferdigheiter i praksis. Det er rom for eit mangfald, for tilpassing og fordjuping.
- I oppvekstsektoren blir det lagt stor vekt på å kjenne til kultur og næringsliv i eigen kommune.

Berekraft

- Gjennom arbeid med temaet berekraft, utviklar barn og unge kompetanse som gjer dei i stand til å tenke kritisk, ta ansvarlege val og handle etisk og miljøbevisst. Dei får forståing for kor viktige handlingane og vala til den enkelte er. Dei lærer at

berekraft omfattar både natur, økonomi og sosiale forhold.

- Berekraft i oppvekstsektoren er også at vi har ein berekraftig praksis i kvardagen.

Lokalsamfunnet

- Oppvekstsektoren legg vekt på godt samarbeid med lokalsamfunnet, frivillige organisasjonar og lokalt næringsliv.
- Aktivitetar og prosjekt knytt til lokalsamfunnet, er forankra i faste og forpliktande planar. Slikt samarbeid er viktig for å sjå barn sitt oppvekstmiljø i ein heilskap, og for at barn og unge opplever å høyre til og utviklar sin identitet.
- Samarbeid med samfunnet rundt, gjer opplæringa meir praktisk og relevant. Barn og unge kjenner til det lokale næringslivet og ser for seg kva som er mogleg for dei i heimkommunen i framtida.

Planar som følgjer opp samfunnsdelen for oppvekstsektoren


- Kommunedelplan for oppvekst 2020-2025
- Kompetanseplan på lang og kort sikt
- Tenestene sine årlege handlingsplanar

Kommunal økonomisk berekraft

- Kinn kommune skal ha ein sunn økonomi på kort og lang sikt



Folketall, 2000 til 2040



I folketalsframskrivinga til SSB av juni 2018 er folketallet 1. januar 2028 rekna til 18 006 personar (inkl Bryggja). Dette er ei endring på 0,1 % frå 2018 (+17), mot 6,9 % vekst i Norge i tilsvarende 10-års periode.

Utfordringar

Aukande gjeld og knappe ressursar er ei utfordring i dag, og det er forventa at desse utfordringane blir større på sikt.

I forhold til landet viser framskrivingar av folketallet i Kinn stagnasjon, noko som betyr mindre del av den samla inntekta til kommunesektoren.

Demografiframskrivingane tilseier at vi blir mange fleire eldre, færre som jobbar og vi lever lenger. I tillegg er fødselstala låge.

Ei utfordring å finne balansen mellom å handtere ein ressurskrevjande kjerneverksemd og å drive ein aktiv samfunnsutvikling innafor eit avgrensa økonomisk handlingsrom. Utfordrande å harmonisere gebyrnivåa og økonomien når ein går frå to til ein kommune

Mål

Kinn kommune skal oppretthalde eit godt tenestetilbod til innbyggjarane i framtida (generasjonsprinsippet)

Kinn kommune skal bevare dei samla verdiane (formuesbevaringsprinsippet)

Kvar generasjon skal betale for sine egne utgifter utan å vesentleg subsidiere andre generasjonar, eller bli subsidiert sjølv.

Kinn kommune skal ha økonomiske musklar til å handtere uføresette hendingar og å drive utvikling

Kinn kommune sine strategiar

Samfunnsutviklar

1. Vi har utvikla eit attraktivt samfunn og gode levekår for innbyggjarane, med grunnlag for folkevekst og auka inntekter.
2. Kommunen har næringsfond, med mål om å skape aktivitet i samfunnet, noko som genererer inntekter til å finansiere kjerneverksemd
3. Langsiktig planlegging, og god forankring mellom kortsiktige og langsiktige planer er avgjerande for å sikre økonomisk berekraft på sikt
4. Utarbeidd demografiprognose og perspektivmelding som del av den langsiktige økonomiske planlegginga

Tenesteytar

1. Prioritere knappe ressursar ut frå ein heilskapleg og langsiktig strategi
2. Disponere knappe ressursar på ein slik måte at det gir mest mogleg nytte og velferd ut av kvar krone, dvs produktiv og effektiv ressursbruk innafor det økonomiske handlingsrommet

3. Gjennomføre brukarundersøkingar for å måle effektar av tenesteytinga
4. Bygge bufferfond som bidrag i å sikre tenesteytinga på kort og lang sikt. Dersom det vert brukt midlar av bufferfondet skal det byggjast raskt opp att.
5. Auke eigenkapitaldelen i investeringsprosjekt
6. Innovasjon og utvikling med mål om å auke inntekter, redusere utgifter og betre tenesteyting
7. Vedlikehaldsetterslep skal ikkje eksistere i Kinn kommune

Forvaltar

1. Utarbeide handlingsreglar (finansielle måltall) for økonomisk berekraft, knytt til disposisjonsfond, netto driftsresultat, lånegjeld og netto finansutgifter. Handlingsreglane skal fungere som ramme for disponering av økonomiske midlar, og skal til bidra til at dagens disposisjonar også vil vere økonomisk berekraftig på lengre sikt.
2. Det skal haldast årleg politisk budsjettseminar
3. Budsjett og økonomiplan skal vere realistisk og i økonomisk balanse
4. Politisk vedta budsjett og økonomiplan i tråd med korleis kommunen blir målt nasjonalt (funksjonsorientert tenesteområdenivå)
5. Prognoser skal stå sentralt i den løpande økonomistyringa
6. Økonomisk konsekvens av alle vedtekne aktivitetar i handlingsprogrammet skal vere finansiert i budsjett og økonomiplan
7. Kommunal økonomisk berekraft skal leggest til grunn i alt planarbeid

Planar som vil følgje opp dette temaet

- Budsjett
- Økonomiplan
- Handlingsprogram


Kultur, idrett og frivillighet

«Bilde»


Telemarksforskning – Norsk kulturindeks

Norsk kulturindeks er ein årleg oversikt over kulturtilbod og kulturaktivitet og gjev ein oversikt over korleis kommunane plasserar seg i forhold til kvarandre. Ranging i forhold til andre kommunar i parantes.

Flora:



Vågsøy:



KOSTRA- statistikkene

Nøkkeltall	Enhet	Vågsøy	Flora	Kostragruppe 11	Landet uten Oslo
		2018 +	2018 +	2018 +	2018 +
Netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	prosent	2,7	3,4	3,5	3,9
Netto driftsutgifter til idrett (f380+f381) i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	prosent	0,6	1,3	0,9	1,3
Netto driftsutgifter til barn og unge (f231+f383) i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	prosent	0,6	1,1	0,8	0,8

«Vi vil saman med lag og organisasjonar arbeide for at Kinn kommune skal vere ein god og trygg plass å vekes opp og bu. Det gjer vi ved at alle skal få moglegheit til å ta del i kulturelle og idrettslege opplevinga og aktivitetar. Vi skal skape levande lokalsamfunn som folk ynskjer å busetje seg i og legge til rette for at det skal vere lett å bidra med frivillig arbeid.»

Utfordringar

- Kommunen opplever stagnasjon i folketal og den demografiske utviklinga går mot fleire eldre innbyggjarar og større etnisk og kulturelt mangfold.
- Fleire kjenner seg utanfor, opplever einsemd og er *lite aktive*.
- Mange opplever eit utfordrande yringsklima, noko som kan hindre deltaking i den offentlege samtalen og i dei demokratiske prosessane.
- Det vert store geografiske avstandar i Kinn, det blir viktig å sikre nærhet mellom tenestene og brukarane.
- Manglar *godt tilrettelagte* anlegg og bygg med spesialfunksjonar innanfor kultur, idrett og friluftsliv, som fungerer som attraktive møteplassar.
- Potensialet innan reiseliv er ikkje utnytta.
- Manglar ressursar til å utvikle, forvalte og formidle kulturminna.

Mål

Kinn kommune skal vere ein kommune som inkluderer og utvikler robuste barn og unge.

Sikre at alle får delta i aktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk.

Kultur og idrettsaktivitetar skal ha ei sentral rolle i utviklinga av lokalsamfunnet.

Vi skal bygge uavhengige møteplassar som stimulerar til deltaking og offentleg debatt, styrke evna til å ytre seg gjennom kunst og kultur.

Kinn kommune sine strategiar

Samfunnsutviklar

1. Vi brukar kulturverksemd og idretts- og friluftskulturaktivitetar som eit verkemiddel for å skape betre livskvalitet, trivsel og bulyst i alle livsfasar.
2. Vi legg aktivitet og deltaking til grunn for utvikling av levande bygder og byar.
3. Kommunen legg til rette for, og er eit bindeledd i mellom aktørar innan kreative næringar, reiseliv og kulturminne.
4. Legg til rette for uavhengige møteplassar og stimulerer til offentleg debatt der mangfald, skaparkraft og aktivitet og kreativitet er høgt verdsett.
5. Legg til rette for at lag og organisasjonar får medverke i budsjettprosessen, og i plan og byggeprosessar som er relevant for dei.
6. Legg til rette for samarbeid og samhandling mellom kommunen og dei frivillige organisasjonane.
7. Kinn kommune er ein attraktiv idrettskommune, t.d. gjennom å støtte opp om anleggsutvikling, og vere bidragsytar for gjennomføring av større regionale arrangement.

Tenesteytar

1. Åleine og saman med lag og organisasjonar skal kommunen bygge og drifte uteområde, kultur- og idrettsbygg som skaper aktivitet og deltaking, med fokus på anlegg i nærleiken av skular, barnehage og by- og bygdesentra.

2. Arbeidar for å få bygd framtidretta kulturhus i sentrum av Måløy og Florø
3. Legg til rette for at innbyggjarane har mulighet for aktivt å bruke kultur- og idrettsanlegg og friluftsområde, både gjennom organisert og uorganisert aktivitet.
4. Sikrar uformelle møteplassar for ungdom med trygge vaksne.
5. Legg til rette for deltaking for alle, også dei som ikkje oppsøker tilbod på eigenhand.
6. Utviklar aktivitet og trivsel gjennom samarbeid med frivillige lag og organisasjonar og legg til rette for at dei frivillige får gode kår.
7. Vi har gode tilbod innan kino, bibliotek, kulturskule og ungdomsklubb i Måløy og Florø.

Forvaltar

1. Setje pris på dei frivillige og støtte deira arbeid gjennom å dele ut kulturmidlar, stipend og kulturpris.
2. Søke og forvalte midlar til bekjempelse av utanforskap
3. Kommunale næringsfond til kreative næringar, kunst og kulturuttrykk.
4. Prioritere tildeling av spelemidlar til idrettsanlegg og kulturbygg
5. Ta vare på og formidle viktige kulturminne til dømes gjennom støtteordningar og ulike kulturprogram som DKS og DKSS.
6. Kulturminna skal forvaltast som ein ressurs for og i lokalmiljøet, og særleg viktige kulturminne skal sikrast gjennom omsynssoner i arealplanen.
7. Vi skal legge til rette for musikkråd, idrettsråd og kulturråd.
8. Sikre samarbeid mellom kommune og lag og organisasjonar med formelle og forpliktande avtaler.

Planar som vil følgje opp dette temaet

- Strategi for deltaking (som mellom anna omhandlar digitalisering, kommunikasjon, utanforskap, samarbeid mellom offentlig og frivillig sektor, utvikling av nærområda, ungdomsarbeid og kultur og helse osv)
- Strategi og handlingsprogram for anleggsutvikling både innan kultur, idrett og friluftsliv
- Strategi for kreative næringar, reiseliv og kulturminne.